

# Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 9. november 2006

*Til stades:* Ola I. Breivega, Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad (kom under sak 16.4 og var med på resten av sakene), Silje Solheim Karlsen, Magni Øvrebotten og Tora Aasland

*Frå sekretariatet:* Sylfest Lomheim (direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar) og Mari Fjærtøft Trondsen (administrasjonssjef)

*Møtestad:* Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo

*Møteleiar:* Aasland

*Referent:* Runnestø

*Møtetid:* Kl. 14.00–17.45

## *Sakliste:*

### Vedtakssaker

- Sak 16.1/06 Protokoll frå styremøtet 21. september 2006
- Sak 16.2/06 Rekneskap per 31. september 2006 og rapport om ekstraavgifter
- Sak 16.3/06 Oppnemning av medlemmer til fagråda
- Sak 16.4/06 Ny intern organisering

### Informasjonssaker

- Sak 17.1/06 Verksemdsplanen – status
- Sak 17.2/06 Rapport frå bedriftshelsetenesta
- Sak 17.3/06 Statsbudsjettet for 2007
- Sak 17.4/06 Språkpolitikk i Norden
- Sak 17.5/06 Orientering ved direktøren
- Sak 17.6/06 Utlysing av stipend

### Eventuellsaker

Det vart meldt ei sak under eventuelt: Korleis stiller styret seg til debatten som har vore i media etter e-postsvaret frå Språkrådet om ordet ”nordmann”?

Leiaren orienterte om at ho hadde fått spørsmål om media kunne vera til stades på møtet når eventuellsaka vart drøfta. Ho var van til lukka møte i andre styresamanhengar, og ho hadde bede pressefolka venta til etter møtet. Prinsippet om opne/lukka styremøte blir teke opp ved eit seinare høve.

## **Vedtakssaker**

### Sak 16.1/06 Protokoll frå styremøtet 21. september 2006

**Sakspapir:** Protokollen frå septembermøtet vedlagd endringsforslag frå Fretland

**Vedtak:** *Styret godkjende protokollen utan å ta inn endringa det var gjort framlegg om.*

## Sak 16.2/06 Rekneskap per 30. september og rapport om ekstrautgifter

**Sakspapir:** Merknader til saka frå administrasjonssjefen

Etter det førre møtet er det sett i gang tiltak som til dømes prosjekt med hovudfagsstudent for å gå gjennom og systematisera svarmaterialet vårt, innsamling av kvenske stadnamn i Finnmark, diverse kurs for nettside-redigering, prosjekt for å få til kopling mellom databasen til ordbokverket Norsk Ordbok og Sentralt stadnamnregister for å letta arbeidet med stadnamn, utarbeiding av grafisk profil og ekstra masterstipend for norskstudentar.

**Vedtak:** *Styret tok rekneskapen og rapporten om ekstrautgifter til etterretning .*

## Sak 16.3/06 Oppnemning av medlemmer til fagråda

**Sakspapir:** Notat frå 1. november 2006 frå direktøren

I samsvar med vedtaket på det førre styremøtet har desse teke på seg å vera leiarar for dei fire fagråda:

Fagråd for samfunn og høgre utdanning, Ingebjørg Sæbu  
Fagråd for skule og offentleg forvaltning, Åse Lill Kimestad  
Fagråd for normering og språkobservasjon, Helge Dyvik  
Fagråd for terminologi og fagspråk, Johan Myking

Kvart fagråd skal ha fem eksterne medlemmer.

**Vedtak:** *Styret godkjende ei namneliste å velja frå til kvart fagråd.*

*Styreleiaren og direktøren skal ha kontakt med fagrådsleiaren i samband med oppnemninga.*

Ut på nyåret blir det ei fellessamling for fagråda, styret, leiinga og sekretæranne, der ein skal ta opp mandat, ansvarstilhøve, samarbeid osv.

## Sak 16.4/06 Ny intern organisering

**Sakspapir:** Notat frå 1. november 2006 frå direktøren

På det førre styremøtet la ei internt oppnemnd arbeidsgruppe fram ein rapport om omorganiseringa av den faglege verksemda i sekretariatet. Rapporten inneheldt fire alternative organisasjonsformer, men både gruppa og organisasjonskonsulenten peikte på at berre modellane 2b og 3 let seg eigentleg bruka.

Alle dei tre språkrådstilsette i arbeidsgruppa rådde til å leggja modell 3 til grunn for omorganiseringa. Rapporten har vore drøfta av dei tilsette, som festa

seg ved modellane 2b og 3. Det har ikkje vore røysta over modellane, men fleirtalet av dei som har uttala seg, har gått inn for modell 3.

På styremøtet opplyste administrasjonssjefen at ho same dag hadde fått melding om at departementet ikkje vil godkjenna oppretting av ei eventuell fagsjefstilling (modell 3), heller ikkje omgjering av stillingar.

Styret stilte seg uforståande til at departementet, som har kjent til rapporten og konklusjonen frå arbeidsgruppa, ikkje har kome med denne tilbakemeldinga før. Styret var samde om at styreleiaren tek kontakt med departementet for å få ei meir prinsipiell avklaring av dette.

Styret drøfta saka, og eit fleirtal meinte at den beste løysinga ville vera å byggja vidare på strukturen i modell 2b. Han opnar for ei konkretisering av det berande prinsippet i fagrådstanken, at den ytre organiseringa skal vera styrande for den indre. Styret ser at det trengst ei snarleg styrking av informasjonsarbeidet i sekretariatet, og dei ynskjer ei gruppe for informasjon og rådgjeving som kan avlasta direktøren, og ei stilling som informasjonssjef som kan styrkja leiinga. I neste omgang vil vonleg fagråd–faggruppe-samarbeidet føra til den fagleg styrkinga som sekretariatet etterspør.

Den organiseringsmodellen som blir vald, må evaluerast etter kvart. Ser styret at det trengst meir styrking av den interne leiinga eller at leiinga treng avlastning, vil styret be departementet om fridom til å omgjera stillingar og gjerne fylla ledige stillingar.

Aasland sa at ho som styreleiar vil ta ansvar for at dei tilsette får vita korleis styret har tenkt i ei så viktig sak for sekretariatet, og ho vil gjerne vera med på eit allmøte i Språkrådet. Styret må sjå til at det blir gjennomført ei organisering som er til det beste for dei tilsette så dei får ein god arbeidsplass.

**Vedtak:** *Fleirtalet i styret, alle unnateke Breivega, går inn for ei organisering av sekretariatet som byggjer på modell 2b. Denne modellen vil gje tre faggrupper i sekretariatet, to av dei blir knytte til fagråda.  
Ola I. Breivega røysta for at den faglege styrkinga av sekretariatet bør skje ved at det blir skipa ei fagsjefstilling i samsvar med modell 3 i rapporten frå omorganiseringsgruppa.*

**Vedtak:** *Styret ved leiaren vil ta opp med departementet den framgangsmåten som var vald for å presentera informasjonen som kom før styremøtet, og det prinsipielle når det gjeld nye stillingar og omgjering av stillingar.*

## **Informasjonssaker**

Sak 17.1/06 Verksemdsplanen – status

**Sakspapir:** Oppdatert plan frå juli 2006

Styret vil ha ein kolonne i verksemdsplanen for opplysning om status eller

avvik for tiltaka. Saka vart elles teken til orientering.

Når det gjeld verksemdsplanen for 2007, ynskjer styret ein oversiktsplan utan detaljar, eventuelt eit samandrag av dei viktigaste tiltaka.

#### Sak 17.2/06 Rapport frå bedriftshelsetenesta

**Sakspapir:** Tilbakemelding frå bedriftshelsetenesta 27. september 2006

Direktøren orienterte om at administrasjonssjefen, verneombodet og han sjølv har drøfta denne tilbakemeldinga. Dessutan har administrasjonssjefen drøfta ho i møte med administrasjonen og direktøren med dei fagtilsette.

Styret tok saka til orientering og signaliserte gjennom vedtaket i sak 16.4 at det tek arbeidstilhøva for dei tilsette alvorleg.

#### Sak 17.3/06 Statsbudsjettet for 2007

**Sakspapir:** Sidene 11–15, 18, 89–94, 159–164 og 167

Eit viktig moment i statsbudsjettet er at Språkrådet i 2007 får to nye stillingar til språktenesta i staten.

Styret tok saka til orientering.

#### Sak 17.4/06 Språkpolitikk i Norden

Direktøren orienterte om Den nordiske språkkonvensjonen og Den språkpolitiske deklarasjonen.

Styret tok saka til orientering.

#### Sak 17.5/06 Orientering ved direktøren

– om blant anna frå møtet med den franske språkdirektøren

Styret tok saka til orientering.

#### Sak 17.6/06 Utlysing av stipend

**Sakspapir:** Kunngjering om mastergrads- og hovudfagsstipend 2006 frå Språkrådet

Styret tok saka til orientering.

## **Eventuellsaker**

### **Sak 18.1/06 Om ”nordmann”-debatten**

**Sakspapir:** E-postspørsmål frå Ny Tid 6. oktober 2006  
E-postsvar frå Språkrådet 20. oktober 2006  
Intern e-postinformasjon 31. oktober 2006  
Kronikk i Dagsavisen 4. november 2006  
Kronikk i Aftenposten 8. november 2006  
Innlegg i Dagbladet 8. november 2006

Bakgrunnen for saka var eit e-postspørsmål frå magasinet Ny Tid om uttrykket ”etnisk nordmann”. Svarteksten i e-post frå Språkrådet inneheldt nokre uheldige formuleringar, og då media greip tak i det, førte det til mykje debatt og kritikk mot Språkrådet.

Styret var kritisk til utforminga av det nemnde e-postsvaret, og meinte direktøren ikkje hadde sytt for god nok kvalitetssikring då svaret vart sendt ut. Direktøren og styret var samde om at han overfor media skulle seia seg lei for at denne e-posten hadde fått ei så uheldig slagside.

Styret bad sekretariatet betra rutineane for kvalitetskontroll av svar på språkspørsmål som går ut frå sekretariatet, særleg svar som kan få språkpolitiske følgjer. Det vart også nemnt at Språkrådet bør prøva utnytta positivt det engasjementet allmenta har vist i denne saka.

## **Endring av møtedato**

Styret flytter møtet 15. februar 2007 til 13. februar 2007.

Oslo, 13. desember 2006

Tora Aasland  
leiar

Sylfest Lomheim  
direktør